



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

Avdeling for Mediefag / Media Department

hivolda.no | T: 70 07 50 00 | F: 70 07 50 51

P.B. 500 | 6101 Volda



**Portrett med mobilkamera.**

Gaute Hareide

<b>Forfatter</b>	Gaute Hareide
<b>Utgjevar</b>	Høgskulen i Volda
<b>År</b>	2017
<b>Serie</b>	Andre skrifter
<b>ISBN</b>	978-82-7661-332-2
<b>Sats</b>	Forfatter
<b>Distribusjon</b>	<a href="http://www.hivolda.no/andre">http://www.hivolda.no/andre</a>

På følgjande sider finst ein serie bilder av folk.

Samtlege skal, på eit eller anna vis, kunne kallast portrett.

Her er teikningar, måleri og framfor alt fotografiske presentasjonar.

Formålet med dette kompendiet er dels å sjå på kva eit portrett er for noko, og dels å sjå på korleis portrettering kan utførast med enkle hjelpemiddel.

Eg freistar også å antyde noko om korleis folk gjerne ser seg sjølv på bilder.

Vidare ser eg litt på korleis lys og skuggar, og avstand, og kameraposisjon, og utsnitt, og sjølve tilnærninga til modellen påverkar bildet.

Dessutan prøver eg å minne om kor viktig det er å sjekke bakgrunnen.

Når ikkje anna er nemnt er fotografa plukka frå mitt eige arkiv av bilder tekne over ein lang periode med varierende utstyr og metodar.

Med få unntak er alle bilder tekne utanfor studio, og med få unntak skal det vere mulig å ta bilder som dette (om enn kanskje i noko lavare teknisk kvalitet) med mobilkamera.

Dette kompendiet er laga for undervisning på Avdeling for Mediefag ved Høgskulen i Volda, og er ikkje godkjent for bruk utover det.

Enkelte portretterte personar og fotografar har eg ikkje klart å kome i kontakt med i samband med dette prosjektet. Om nokon av desse i dag ikkje ynskjer å vere representerte her vil eg setje pris på informasjon om det.

Framsidedbildet viser ein asiatisk turist som tar sjølvportrett i Geirangerfjorden. Vi kommuniserte visuelt og tok bilder av kvarandre. Eg likte selfiestanga hans og han likte hatten min, men språkbarrieren stod diverre i vegen for ytterlegare kommunikasjon.

Volda, desember 2017

Gaute Hareide  
Fotografmester/høgskulelektor



«Alle» har kamera i dag, og «alle» har det for handa, «alltid». Dermed er «alle» fotografar, og «alle» poserer etter beste evne. Enklare enn frosenpizza.

Men kvifor poserer vi, og når gjer vi det?

På neste side har vi eit «ikkje-poserande» portrett i miljø.

Fotografen er turist, og blir sett på med skepsis av dei lokale.

Det er eit kjent faktum at turistar manglar folkeskikk.

Det er også eit faktum at dei legg att pengar etter seg.

Fotograferinga blir dermed tolerert, under ein viss tvil.



Foto: Gaute Hareide



Det poserande bildet er som regel eit resultat av løyve. Fotografen har spurt, eller omvendt, og bildet blir ein funksjon av modellane si posering og fotografen si registrering.

*(Presten blei spurt, via tolk; blei glad, smigra og forsvann. Han kom tilbake to timar seinare med far sin, som han sette høgt i ære og absolutt måtte ha med på bildet. Slik var hans ide om å bli fotografert. Eg var innom på ny hausten same året og leverte kopiar, som vart sett pris på.)*

Posisjon, vinkel, lys, bakgrunn etc. blir meir eller mindre gjennomtenkte valg, stort sett gjort av fotografen, men posituren tilhøyrer modellen.

*“Honor demands that one pose for the photograph as one would stand before a man whom one respects and from whom one expects respect, face on, one’s forehead held high and one’s head straight.”* Buordieu: Photography, a middle brow art, 1982.

Andre tar poseringa litt mindre høgtideleg. Lofoten har langt tradisjon i møte med framandfolk, og for skårungane her (Henningsvær 1978) er turisten sitt ynskje om eit bilde ikkje så mykje å bry seg om. Kanskje kjem det på trykk ein stad, det kunne no vore artig.  
(NB. Ovanstående er mitt inntrykk av lynnet i landsdelen, slik eg har opplevd det over tid og gjorde det der og då. Det er ikkje eit sitat frå nokon av desse to.)



Foto: Gaute Hareide



Portrettet har lang tradisjon.

Ansikt med bein på er noko av det første vi teiknar når vi tar til med slikt, og i den grad vi er villige til å betale noko for eit bilde, dreiar det seg oftast om eit portrett. Gjerne av oss sjølv.





Adolph Tidemann viste tidleg evner som teiknar under sin oppvekst i Mandal, og vart råda til å følge den bana. For: «Det vil alltid finnast forfengelige folk som vil betale for et portrett.» Som t. d. Christian Sørensen her til høgre.  
(Utstillingstekst Mandal museum.)



Eller kunstnaren sjølv, med sin «selfie» her over.

og Adolf Tidemann



«Selfie» var årets moteord i 2013, og den danske statsminister Helle Thorning-Schmidt sin selfie med Obama og Cameron under minneseremonien over Nelson Mandela vart ein av dei store snakkisane i desember det året.

Året etter samla Erling Sivertsen fullt hus for si førelæsing om selfies under forskingsdagane i Volda.

Skjermdump:hivolda.no 22.09.2014)


**Sjølvpportrettet var tidlegare førehaldt kunstnaren – no blir vi bortimot bombarderte, sa førsteamanuensis ved Avdeling for mediefag Erling Sivertsen til eit fullsatt auditorium i Berte Kanutte-huset i dag.**



*Førsteamanuensis ved Avdeling for mediefag Erling Sivertsen oppfordra dei framtmøtte til å ta ein selfie og dele den i sosiale medium.*

Den første fotografiske «selfien» vart tatt av apotekaren Robert Cornelius i Philadelphia, USA i november 1839, men sjølvportrettet har mykje lengre tradisjon enn det. Ikkje så mykje av narsissisme som av økonomi. Kunstnarar treng øving, og modellar er dyre.

Stakkars Vincent, til dømes, hadde ikkje mykje anna valg enn å øve seg på sitt eige fjes. Det var som nemnt pengar i portrett, men Vincent sin stil var det lite interesse for, og tilsvarande smått med pengar. Det vart mykje sjølvportrett på han.



Portrettkunst: Wincent van Gogh. Kjemikunst og kroppskontroll: Robert Cornelius (eksponeringstida var lang, omlag 10 minutt).



Øving med sjølvportrett førte til både nye stilartar og nye teknikkar.

Ein teknikk handlar om lys, og er knytt til den nederlandske, svært så aktive, produktive og populære Rembrandt Harmenszon van Rijn.

Han er rekna som ein av dei viktigaste innan barokken. Han døde i 1669, og 350 år seinare snakkar vi framleis om Rembrandt-lys.

Det er veldig enkelt og naturleg.

Det er så enkelt som lys frå eit vindu som sit litt høgt oppe på veggen, og som sola ikkje skin direkte på.

I slikt lys sida vil nasen kaste ein mjuk skugge nedover kinnet, og «forme» ansiktet på ein måte dei fleste av oss finn tiltalande.

Det minner om lyset ein lett disig sommardag.


Lysretninga er viktig. Lyset skal kome ovanfrå, i utgangspunktet ca. 45 grader.

Og det skal kome frå sida, også i utgangspunktet ca. 45 grader. Men dette må tilpassast ansiktet. Målet er å få til ein naseskugge som strekker seg mot skuggen av kinnet, og alle ansikt er ulike.

Kjenneteiknet på Rembrandt-lys er ein lys triangel under eine auget. I tillegg skal lyskjelda spegle seg i pupillane. Dette gir kontrastpunkt som tiltrekker seg merksemd. Når modellen i tillegg ser i kamera, føler vi at personen i bildet ser på oss, og vi får kontakt.

Dette må som nemnt tilpassast ansiktet. Nokre av har langstrakte fjes med imponerande snyteskaft, andre kan gå på trynet utan å skade nasen nemneverdig, og lyset må justerast tilsvarende.

Vi er ulike. Heldigvis.





Rembrandt-lys kan gi lyse, svake skuggar (high-key effekt) når romet er lite og/eller lyst, med fleire eller store vindu.  
Motsett kan det gi mørke, djupe skuggar (low-key effekt) når romet er stort og mørkt med eitt enkelt lite vindu.



I følge min gamle lærar på fotoskulen på 70-talet var high-key feminint og low-key maskulint, Men det var før likestillinga hadde slått til for alvor her i landet.

Foto: Gaute Hareide



Rembrandt-lys er altså eit ideal, som kan tilstrebast også av journalistar i felten, sjølv med mobilkamera. Fordelen med denne lystypen framfor flatt og/eller hardt lys er at samspelet mellom lys og skugge gir inntrykk av djupne, ansiktet får form, samtidig som vi ser detaljar i både lyse og mørke parti,

Over til venstre eit rom med eit enkelt vindu, eg sit på golvet så lyset kjem skrått ovanfrå. Lyset er mjukt, men formande. Alle rynkene er godt synlege.

Over til høgre eit hjørnerom med vindu langs to vegggar. Eg står oppreist med ansiktet mot eine vindusveggen. Lyset kjem frå store flater både frontalt og frå sidene, mest frå mi høgre side, både ovanfrå og nedanfrå. Dette er enda mjukare lys, på grensa til flatt. Rynkene er mindre synlege no.



Lys frå eit vindu, med personen plassert framfor ein grå vegg (etter å ha plukka ned bildet som kanskje hang der) kan altså bli bra.


Pass på avstanden mellom kamera og modell. Mobilkameraet har vidvinkla objektiv, og vi må tett inntil før fjeset fyller ramma (under til venstre).

Då blir nasen stor og øyrene forsvinn bak skallen. Vi må ut av intimsona, helst ein meter eller meir (under til høgre).

Dermed må vi også bruke berre eit utsnitt av det bildet sensoren fangar opp; det ein gjerne kallar "digital zoom".



Eit portrett vil tåle ein god del forstørring og beskjering, men helst før bildet blir delt (og dermed komprimert).



Det er verd å merke seg at vidvinkel-objektiv vrenger på alle motiv. Hjørna må forstørrast meir enn sentrum, dersom motivet skal kunne spreia ut på ei flate. Det blir same prinsippet som globus kontra verdskart, ytterkantane blir gradvis forstørre for å fylle papiret.

Bestefar har store øyrer, det stemmer det. Men kanskje ikkje fullt så svære som dette. Barnebarnet har også meir symmetrisk skalleform enn dette bildet viser.


Fenomenet kan gje påfallande resultat, særleg med personar i profil nær bildehjørnet.




Tilbake til portrettet mot nøytral bakgrunn, det vi kallar Formelt Portrett; eller passfoto i aller beste forstand. Formålet er først og fremst identifikasjon. Hakk i hel kjem det eg likar å tenke på som Ethos. Ethos er i følgje Aristoteles sine teser om retorikken det som skal gi tillit til talaren.

Det handlar om presentasjon og førsteinntrykk. Det formelle portrettet er ein formell presentasjon, slik vi gjerne vil framstå t.d. ved eit jobbintervju. Portrettet skal dermed presentere nokon nøytralt, men med ein liten positiv vri. «Nøytralt» betyr for øvrig også at kameraet alltid skal vere i høgde med augene.

Det formelle portrettet er altså ei formalisert form for portrettering. Naturleg nok. Som kan utførast med mobilkamera, sjølv om det ikkje var tilfellet her.





Journalistar (og PR-folk) er oftast ikkje utdanna fotografar, men litt fotokompetanse kan vere greit å ha likevel. Annonsebilaget som dette er henta frå var utan fotobyline, og det kan ha sin grunn. Diverre ser vi altfor ofte personar presentert på slikt amatørmessig vis som dette, og det er synd. Folk fortener betre.

For ei tid sidan stod ein journaliststudent fram i Aftenposten med lett bekymra tankar om framtida for faget.

Kronikken var illustrert med foto av forfattern, profesjonelt utført, forfattern er også modell.

Men denne typen portrett kjem neppe inn under det vi kan kalle “formelt”, og passar nok betre i ein annan samanheng enn denne.

# Presse- friheten er under press

Vilde Gotschalksen



Aftenposten

Velkomsttalen på journalistikkstudiet er ikke lenger en spennende og motiverende tale. Den er ødeleggende, skriver Vilde Gotschalksen.

FOTO: Julie Thyrum

**Det virker kanskje ulogisk å begynne på journalisthøyskolen i 2016. Mer ulogisk er det å finne seg i å bli et samfunn uten viktige og korrekte medier.**

“Jobbar ho i kjøpesenter, ho er jo leiar i Utdanningsforbundet?”

Det var min første, og feilaktige tanke. Modellen kunne fortelje at dette var eit knips tatt i all hast på Oslo S, men misstydinga mi bør vere forståelig ut frå kva vi faktisk ser. Ein av dei vanlege feila ein fotograf gjer er å oversjå bakgrunnen, sidan synet vårt gjerne “filtrerer bort” den. Kameraet gjer ikkje det. Så: Er ikkje bakgrunnen relevant for motivet bør den vere nøytral.

Poseringa er formell, men ikkje bakgrunnen, og lyset når ikkje inn i augene. Det kan vere forståelig at folk som blir presentert slik som dette i media, tar tak i saka og syter for bilder sjølv.



Alle snakker om tillit, og mistillit mellom lærerne og arbeidsgiveren KS. I tillegg er de opptatt av fleksibel arbeidstid.

Men hvordan kan man konkretisere punktet om tillit i en ny fremforhandlet avtale?

– Det er jo det store spørsmålet. Det er faktisk et veldig godt spørsmål. For slike avtaler er jo ord som skal bli tolka, sier fylkesleder Tone Stangnes Gjerstad i Utdanningsforbundet i Hedmark.

Storstreiken i skolenorge er et faktum, etter at 3 av 4 lærere i Utdanningsforbundet stemte forrige møkklingsløsning nord og ned i en uravstemning.

Spørsmålet nå, er hva som må til for at lærerstreiken skal kunne avblåses for skolestart.

**– 7,5-timerskravet må ut og vekk**

Alle fylkeslederne synes enige i at symbolkravet om at lærerne må være på skolen inntil 7,5 timer på skolen hver dag, må bort.

– Det er klart at et sånt punkt må helt ut, og vekk, sier Lisbet Strickert, som er fylkesleder for Utdanningsforbundet i Sør-Trøndelag.

Men det er neppe nok.

Noen snakker om vikartimer, andre om seniortiltak, og noen om lønn.

– Denne streiken handler om langt mer enn de 7,5 timene. Vi streiker for muligheten til å kunne gjøre en god jobb, for mer tid til hver elev, for å kunne gjøre for- og etterarbeid på best mulig måte. Mens KS-styret er opptatt av hvor jobben gjøres, er vi opptatt av hvordan den gjøres, har Utdanningsforbundets leder Ragnhild Lied sagt.



Tone Stangnes Gjerstad, fylkesleder for Utdanningsforbundet i Hedmark  
FOTO: HÅVARD GRØNLI




Same dag og same stad fann eg eit anna portrett; just nettopp ordna og levert av modellen sjølv.

Her er ingenting tilfeldig. Bildet er profesjonelt og nøytralt og styla og retusjert og positivt. Bildet fyller alle kriterer for det formelle portrettet.

Men det er kanskje litt for perfekt?

Kven av desse to får vi mest tillit til, sett ut frå berre bildet?



The screenshot shows a web browser window displaying a news article. The URL is <http://nrk.no/berge/1-av-12-ansatte-klarer-ikke-ga-hj>. The article text is as follows:

8,3 prosent av alle ansatte lider av arbeidsnarkomani, viser en ny studie som psykologer har gjort blant et representativt utvalg av norske ansatte.

Studien er den første slike undersøkelsen i verden, ifølge Cecilie Schou Andreassen, som sammen med et internasjonalt team av forskere har analysert dataene.

Funnene blir offentliggjort i det internasjonale og anerkjente tidsskriftet [PLOS ONE](#).

Undersøkelsen er gjort blant et landsomfattende utvalg av 1124 arbeidstakere.


Andreassen sier at det som overrasket henne mest var at forekomsten av arbeidsnarkomani var såpass stor.

**Går ut over forhold og helse**

Forskerne har definert arbeidsnarkomani som en tendens til å la seg oppsluke av jobben og være overdrevent opptatt av arbeidet.

De beskriver det helt konkret som å være «drevet av en sterk og ukontrollerbar arbeidstrang, og å yte så sterk innsats i jobben at det skader private, mellommenneskelige forhold, og går ut over fritidsaktiviteter og/eller helse».

http://www.nrk.no/berge/\_ungje-jenter-forstrekker-sep-1.11875480



Cecilie Schou Andreassen er psykolog og forsker ved Universitetet i Bergen.  
FOTO: OLE KRISTIAN OLSEN






Styling er ein tilgjengelig teneste, i dag til og med automatisk.  
Kameraet mitt har t.d. skjønnhetsfilter, desverre med avgrensa effekt.  
Personleg kjende eg meg ikkje så veldig mykje vakrare,  
sjølv med smil.  
Nokre av oss får heller satse på humøret.



Tilbake til basis. Vi skal ikkje i studio og vi skal ikkje ha stylist. Vi skal gjere vårt beste og unngå tabber.  
 Tabber handlar ofte om bakgrunnen.

Den skal vere uskarp, helst.

Og utan påfallande utvekstar.




Gjerne nøytral



Bakgrunnen kan vere utnytta heilt bevisst.



Andre gongar oppstår påfallande ting heilt ubevisst, i alle fall trur vi det er det som har skjedd her.



Innandørs må vi også passe nøye på lyset.  
Taklampar er fotografen sin verste fiende.  
Særleg TV syndar ofte her.

Hyggelige folk blir intervjua med svarte auger og Hitler-bart, det er ikkje bra.  
Kom dokke vekk frå taklampane folkens! Sky dei som pesten!  
Gå heller nokre steg til sides om her ikkje finst alternativ, sjå bildet til høgre.



Utandørs er det som regel nok lys, men ikkje alltid godt lys.

Under ei bladrik trekrune, eller under eit overbygg kan det vere betre.

Foto: Gaute Hareide



Men ikkje alltid. Lys frå begge sider slik som på bildet over ser kunstig ut.

Og pass på bakgrunnen!



Direkte solskin er sjeldan bra. Skuggane blir fort harde.

Solskin gjennom persienner er noko heilt anna.

Dels vil persienne spreie lyset ei aning så det blir litt mjukare, og dels vil dei parallelle skuggestripene teikne opp topografien i kropp og ansikt på vakkert vis.



Smil eller ikkje smil, med eller utan tenner? Ein erfaren reporter prøver å få med seg alle variantane. Det er greitt å ha arkivbilder som høver til så vel lukkelege som mindre lukkelege framtidige hendingar.

Kor nært vi skal gå, i utsnitt, er eit anna viktig spørsmål.

Dette er for nært, med mindre det er snakk om eit illustrasjonsbilde, eller nærgående sjelevrenging i tabloidpressa, eller (kanskje) eit bittelite byline-bilde over ein halv spalte. (Lite plass treng tettare utsnitt.)

Dei øvrige utsnitta vi har sett til no passar nokolunde bra for poserande portrett.

Vi tar med meir av kroppen eller bakgrunnen dersom det har relevans, og då snakkar vi også gjerne om ein annan type presentasjon enn den reint poserande.







Situasjonsportrettet er korkje planlagt eller styla. Ofte er det heller ikkje poserande, men det krev at ein er til stades når ting skjer. Det betyr at ein må bruke tid, og oppføre seg slik at ein får lov.



Utsnittet er som regel større, slik at vi ser kva vedkomande held på med, kvar det skjer og korleis. Her er vi i grenselandet mellom portrett og reportasjebilde.



Fotografering for media har mykje preg av jakt.

Situasjonar må fangast, som i det nokon får eit smil frå sjølvaste Pikachu under Internasjonal Dag på Høgskulen i Volda.

Eller når tømmerhoggaren skålar i mjølk rett frå kartongen, ein februar dag på Finnsås i tjue grader minus.

Slikt som dette kallar vi gjerne situasjonsportrett.

Foto: Gaute Hareide





Folk kan gjerne avbildast der dei er, i ei krysning av miljø- og situasjonsportrett. Her er eg sjølv fanga inn i ein lett kritisk situasjon på Ulstein Verft.

Vi har nettopp sett fyr på ein bil, og skal slukke brannen med vannkanon frå ein supplybåt. Det gjekk heilt fint. Brannen vart sløkt og bilen vart knust og eg fekk fine scener av alt saman. Det hadde eg berre ei von om då bildet vart tatt, og det syns kanskje. (Bildet er for øvrig tatt utanfor sona for påboden hjelm-bruk.)



Monrad Røyset var pioner innan naturmedisin, og heldt sine egne plager i sjakk med urter og planter i årevis før slikt vart trendy. Her i sitt eige “apotek”.

Foto: Gaute Hareide



Anna Bjåstad baka lefser til halve Hareid i mange år. Bakeri hadde ho i kjellaren, med hellelagt jordgolv. Lefsene var gode og ingen vart sjuke. Det ser kanskje ikkje så hygienisk ut, men var det likevel. Anna var ei dugande gardakjerring av beste sorten, eit skikkeleg kvinnfolk det stod respekt av.

Fotografering for media handlar mykje om å fange det uventa; det som oppstår spontant og tilfeldig. Då må ein alltid ha kamera for handa, og vere innstilt på at ein alltid er på jobb.

Å ha jobben til hobby, meir eller mindre, kan vere ei grei innstilling.

Kameraet kan vere ein grei dørøpnar., særleg det digitale kameraet der du straks og med ein gong kan hente fram bildet og la modellen sjå om det vart bra nok.

Kjartan Rotevatn var ein orginal volding, eit menneske heilt utanom det vanlege.

Vi møttest heilt tilfeldig og han ville ikkje fotograferast, slett ikkje. Men etter litt prat var det greitt likevel.


Han fekk kopi av bildet, og sette pris på det.

Det vart starten på ein venskap. Det sette eg pris på.

Om historia hans skal skrivast ein gong høyrer nok dette bildet med. Enn så lenge nøyer eg meg med bildet, og med minnet om ein ven.

Det går også an.

Dette er eit karakterportrett. Då er det ikkje alltid augekontakt vi vil ha, ofte tvertom.





Dette er eit formelt portrett som også er eit karakterportrett.

Årsaka til det er vinkelen. Kamera er plassert under augehøgde. Resultatet er at presten ser ned på oss, og blir dominerande.

Bildet er mitt første betalte portrettoppdrag, og kameravinkelen eg valde var langt frå gjennomtenkt.

Eg var seksten år og fersk i faget (hadde ikkje peiling, med andre ord).

Modell og oppdragsgjevar var presten som hadde konfirmert meg året før. No ville han gjerne gje eit bilde av seg sjølv til det nye kullet konfirmantar, og gav meg oppdraget.

Resultatet vart eit bilde av presten slik eg oppfatta han, littegrann ovanfrå og ned, litt «pave».

Dette var sjølvsagt pubertalt umodent av ein gryande ateist med aversjon mot autoritetar, og fullstendig uprofesjonelt.

Men i ettertid føler eg at det kanskje stemmer. Litt.Presten var ein autoritet.

Han likte bildet, for øvrig.





Overvinkling er det motsatte av undervinkling, og høver til dømes når vi vil vise at barn er barn. Som i dette tilfellet synes å meine at fotografen er frekk.

*(For tretti år sidan var slike bilder heilt uproblematisk. I dag må bilder av barn, særleg som dette, handterast med stor varsemd.)*



Barn skal elles, som alle andre, normalt fotograferast i augehøgde. Så då må vi ned der dei er. Og det er heilt greit å få med at dei ikkje alltid likar å sitje stille.



Johannes Riise var ein dei mest joviale pratmakarane på Hareid gjennom tidene, men hadde kameraskrekk. Han stivna fullstendig straks eg løfta apparatet.

Med vidvinkel og kamera på magen og sånn sirka rett retning utan å sikte, fekk eg eitt enkelt knips av han slik han var. Men han hørde klikket, og etter det var ansiktet tilknappa så lenge kameraet var synleg. Det vart berre eitt karakterportrett av han.

Foto: Gaute Hareide



Mor mi har eg mange karakterportrett av. Veldig glad i komfort. Likar kaffi og kake, ikkje så nøye med om serviset matchar, sånn til dagleg, eller om duken er bein. Nok at den er der. Det same gjeld lampeskjermen, for den del. Oppteken av slekta, likar å filosofere, skrive dikt, gruble over livet, lese og danse. Ikkje alt får plass i eit enkelt portrett, men her er det spor av litt forskjellig.





No er slikt enklare å utføre, og nokre gonger kan det vere kjekt å presentere nokon med meir enn eitt bilde. Det kjem an på personen eller situasjonen, eller begge deler. Niesa mi brukte ein heil del energi på å forklare sambuaren min kvifor ho synes det der med «Hair Extensions» er dumt. Basert på personleg erfaring.

Monologen var overtydande. Eg vonar engasjementet kjem bra fram i fotoserien.

Dette kan kanskje kallast gruppebilde av ein person, og teknikken kan t.d. nyttast om ein vil vise at eit menneske kan ha fleire sider.

-----

Gruppebilder for øvrig er som regel av fleire enn ein person, og ofte av ein heil flokk.

Formålet er identifikasjon, av samtlige.

Det er eit utfordring som aukar med talet på personar.

Folk er individ, med ulike idear om kva ein skal interesse seg for i ein gitt augneblink.

Nokre er i tillegg litt blyge av seg, og gøymer seg gjerne bak andre om dei får lov. Eller bak solbriller. Det er ikkje lov.

Mange er flinke til å late att augene når dei blir fotografert.

Utfordringa blir dermed å arrangere gruppa, minst tre stykker, slik at alle ansikt er synlege men ikkje for langt frå kvarandre.

Alle bør, ideelt sett, ha lik avstand frå kamera. Hvis ikkje blir ansikta på dei lengst borte mykje mindre enn dei som er nærare. Effekten aukar dramatisk ved bruk av vidvinkel, altså mobilkamera. Ved store grupper, der lik avstand er umulig, kan effekten dempast ved å heve kamera. T.d. ved å bruke ei gardintrapp.

Alle som er lange og/eller breie bør inn mot midten, sidan mobilkameraet med sitt vidvinkelobjektiv får alt som er nær kantane til å sjå større ut.

Glade fargar og former kan også med fordel dragast inn mot midten, sidan dei gjerne får litt meir merksemd enn dei keisame grå framtoningane.

Når alle er plassert, og det kan vere ein stri jobb, stundom med fysisk flytting av folk, må ein få alle til å sjå på det same. Gjerne i kamera. Tell ned, og ta minst tre bilder kjapt etter kvarandre. Det aukar sjangane for opne auger. Har du (og publikum) humoristisk sans kan du prøve å dra ein vits.

Lyset bør ikkje vere for skarpt mot gruppa, det får folk til å myse. Sidelys eller motlys kan vere betre og gjerne med ein ekstra blitz direkte frå kamera.

Her følgjer ei rekke døme på korleis det kan gjerast:, alle tatt av studentar ved HVO.











Foto: Doina Sirbu





Foto: Silje-Lisette Tennøy





Foto: Katarina Kurunkova









Gruppebildet er altså i utgangspunktet ei formell avbilding av ei gitt mengde personar med noko til felles.

Det kan også vere ei tilsynelatande uformell avbilding av ei tilsvarende mengde personar. Det er vanskelegare.

Det kan til og med vere ei påtatt uformell avbilding av ei gitt mengde personar med det eine tilfelles at dei har eit ynskje om å late som dei ikkje har noko til felles. Det er enda vanskelegare.

Uansett skal alle kunne identifiserast.

Ha det gøy!